


## SPAR med tiltak for å minka matkasting.

17.09.2017



Siste opningstimen er det halv pris på brød for å hindra kasting.

**Det er eit stort og viktig satsingsområde for Norgesgruppen at butikkane deira skal kasta så lite mat som mogeleg. Derfor er det sett i gang fleire tiltak som m.a. gjeld alle Spar-butikkar, også Spar Uskedalen. Verkemiddelet er ordningar med kraftig reduksjon i pris på gode ferske matvarer.**

Mange er kjent med at datomerka ferskvarer vert selt til redusert pris når dei nærmar seg datoen. Det same gjeld varmmat ved slutten av dagen. Mindre kjent er det nok at alle dagsferske brødvare vert selt ut til halv pris siste opningstimen kvar dag.

Dagleg leiar Bente Nilsen seier at dei håpar at dette skal føra til at dei skal kasta mindre brød og annan god mat. Denne ordninga gjeld altså for alle Spar-butikkar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland